

## Referat styringsgruppa 5. møte

**Dato:** 13. mars 2017  
**Vertskap:** Skodje kommune  
**Stad:** Gomerhuset, Stadionvegen 25, Skodje  
**Tid:** Kl. 13.00 - 17.30, lunch frå kl. 12.00  
**Deltakarar:**

Kommune	Ordførarar og politikarar	Rådmenn	Tillitsvalde + HVO
<b>Haram*</b>	Representerer fram til 6.4.: Vebjørn Krogsæter (ordførar) Svein Harsjøen Ewa Hildre Siv Katrin Ulla	Turid Hanken	Randi Otterlei Alvestad
<b>Sandøy</b>	Oddvar Myklebust (ordførar) Åse Kristin Ask Bakke (varaordførar) Espen Myklebust Hildegard Maier Jessica Gärtner	Kim André Breivik (konstituert)	Laila Alvestad - Fagforbundet/LO
<b>Skodje</b>	Dag Olav Tennfjord (ordførar) Geir Ove Leite (varaordførar) Kari Grindvik Terje Vadset Modolf Hareide	Bente Glomset Vikhagen	Ramona Pilskog - Delta/YS
<b>Ørskog</b>	Knut Helge Harstad (ordførar) Geir Peter Aure (varaordførar) Olav Kjetil Sjøholt Arne Abelseth Frode Dyrkorn (vara for Rietman)	Synnøve Vasstrand Synnes	Geir J. Skodje - UDF/Unio
<b>Ålesund</b>	Eva Vinje Aurdal (ordførar) Tore Johan Øvstebø (varaordførar) Øystein Tvedt Anne Kristin Bryne Geir Stenseth	Astrid Eidsvik	Lindis Dalebø - Fagforbundet/LO
			Lars Marius Rindal - HVO
<b>Forfall</b>	Gert Rietman, Ørskog kommune		

<b>Andre</b>	Prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem Kommunikasjonsansvarleg i prosjektet Anne Bente Skjellum Leiar delprosjekt personal og omstilling Roar Reiten (sak 19/17) Strategi- og utviklingssjef Ålesund kommune Anne Mette Liavaag (sak 23/17) Personalsjef Malin Piegsa Skodje kommune (sak 23/17)
<b>Eksterne/ inviterte</b>	Prosjektleiar kommunereforma Vigdis Rotliid Vestad, Fylkesmannen MR (sak 17/17)

\*Jamfør referatsak 16/17 pkt. 2 deltek Haram kommune i dette styringsgruppemøtet med sitt tidlegare forhandlingsutval, rådmann og tillitsvald. Haram kommunestyre gjer formelle val til styringsgruppa i kommunestyremøte 6.4.17.

- Leiar av styringsgruppa Eva Vinje Aurdal ønskte alle velkomne.
- Møteinnkalling, agenda og møtereferat 4. styringsgruppemøte vart godkjend.

### 16/17 Referatsaker

Leiar av styringsgruppa orienterte om status sidan sist styringsgruppemøte:

1. Ny ordførar og endring i deltakargruppa frå Ørskog kommune:
 

Faste medlemmar:	Personleg vara:
Knut Helge Harstad (ordførar)	Frode Andresen
Geir Peter Aure (varaordførar)	Helene B. Fjørtoft
Olav Kjetil Sjøholt	Frode Andresen
Arne Abelseth	Torill Leganger
Gert Rietman	Frode Dyrkorn
2. Regjerings- og støttepartia har i eigen pressekonferanse 22.2. informert om at dei vil innstille på at Haram kommune skal inngå i nye Ålesund kommune. Haram kommune deltek i dette styringsgruppemøtet med sitt tidlegare forhandlingsutval, rådmann og tillitvald, kommunestyret gjer formelle val til styringsgruppa i kommunestyremøte 6.4.17. Ordførar Krogsæter orienterte sjølv i styringsgruppemøtet.
3. KS Midt-Norge og Fylkesmannen MR konferanse 14.-15.3. i Ålesund. [Link til program](#).
4. KMD og KS dagssamling Gardermoen 21.3. tema: «Eierskap, interkommunalt samarbeid og anskaffelser ved kommunesammenslåing». [Link til program og påmelding](#).
5. Intervju prosjektstilling demokrati og medverknad var gjennomført 7.3., namn på kandidaten som får jobbtilbodet vert klart i løpet av denne veka.
6. Arbeidsutvalet hadde møte 7.3.17 - møtereferat er utsendt, samt statusrapport frå koordinator veke 7-10.

### 17/17 INFOskriv nr. 1/2017/nye kommuner/FMMR

Leiar i styringsgruppa innleia kort om det mottatte info-skrivet frå Fylkesmannen.

INFO-skriv og milepælplan er utsendt. Utsnitt frå skrevet:

**«Nye kommunar i Møre og Romsdal - INFOskriv nr.1/2017/nye kommunar/FMMR**

*Fylkesmannen sender med dette ut informasjon og planar om arbeidet som ventar nye kommunar. I dette INFOskrivet er det spesielt fokus på inndelingslova og planar framover. Innhaldet i INFOskrivet seier difor litt om status i fylket og nettverksarbeid framover. Vidare blir det informert om inndelingslova i høve til fellesnemnd, felles kommunestyremøte, fullmakt til å gjere unntak frå kravet til felles kommunestyremøte og kommunenamn. Det blir også gitt informasjon om arbeidet med kommunevåpen til nye kommunar. INFOskrivet er meint som ein «vegvisar» for arbeidet med ny kommune frå no og frametter til vedtak om ny kommune i kongeleg resolusjon hausten 2017.»*

Vigdis Rotlid Vestad, prosjektleiar kommunereforma Fylkesmannen i MR, ga ei nærare orientering i møtet.

#### **Vedtak:**

*Styringsgruppa for nye Ålesund tek INFOskriv nr. 1/2017/nye kommunar/FMMR og presentasjonen i møtet til orientering.*

### 18/17 Prosjektorganisering og delprosjekt – status og oppretting av nye delprosjekt.

Presentasjon v/prosjektkoordinator. Kartet viser følgjande delprosjekt:

Delprosjekt 1: Personal og omstilling

Delprosjekt 2: Kommunikasjon

Delprosjekt 3: Interkommunalt samarbeid kartlegging. Leverer mai 2017. Nytt delprosjekt frå juni for vurdering av samarbeidet.

Delprosjekt 4: Digitalisering og IKT  
Delprosjekt 5: Arkiv (nytt)  
Delprosjekt 6: Økonomi (nytt)  
Delprosjekt 7: Innkjøp (nytt)  
Delprosjekt 8: Matrikkel, kart og oppmåling (nytt)  
Delprosjekt 9: Planstrategi og plansamordning (nytt)  
Delprosjekt 10: Kulturbygging og verdier (oppstartsmøte 23.3.)

**Vedtak:**

*Styringsgruppa for nye Ålesund kommune vedtek vedlagde organisasjonskart for prosjektet, med unntak av delprosjekta demokrati/medverknad, politisk organisering og administrativ organisering som vert oppretta på eit seinare tidspunkt.*

*Etter kvart som prosjektorganisasjonen endrar/utviklar seg, skal oppdatert kart framleggast styringsgruppa til nytt vedtak.*

*Styringsgruppa oppnemner ein politisk representant frå kvar kommune til delprosjekt 10 Kulturbygging og verdier:*

- *Haram: Ewa Hildre*
- *Sandøy: Hildegard Maier*
- *Skodje: (ettersender namn på representant ila. ei veke)*
- *Ørskog: Geir Peter Aure*
- *Ålesund: Tore Johan Øvstebø*

*Styringsgruppa tek presentasjonen i møtet til orientering.*

**19/17 Delprosjekt 1: Personal og omstilling – skisse til prosess for rekruttering av rådmann**

Presentasjon i møtet v/delprosjektleder Roar Reiten.

**Vedtak:**

*Styringsgruppa tek presentasjonen til orientering.*

**20/17 Prosjektbudsjett 2017-2020 – første skisse**

Budsjettsskisse (kostnader og inndekning) for prosjektet etablering av nye Ålesund, inkl. økonomiske bindingar i intensjonsavtalen, er utsendt. Det er Fellesnemnda som formelt skal godkjenne eit prosjektbudsjett. Styringsgruppa må førebu eit budsjettutkast.

**Vedtak:**

*Styringsgruppa for nye Ålesund kommune tek første skisse til prosjektbudsjett til orientering.*

**21/17 Frikjøp av eitt årsverk frå kommunikasjonsteamet i Ålesund kommune.**

Kommunesamanslåinga i nye Ålesund bli truleg den største i landet. For å lukkast må informasjons- og kommunikasjonsarbeidet prioriterast både innan i kommunane, mot innbyggjarane og mot lokal og nasjonal media/presse. Ressursar til informasjons- og kommunikasjonsarbeidet kan ikkje vente til Fellesnemnda er oppretta; nødvendig ressurs bør vere på plass i god tid før Regjeringa legg fram innstillinga til ny kommunestruktur før påske.

**Vedtak:**

*Styringsgruppa vedtek at prosjekt etablering av nye Ålesund skal ha ein kommunikasjonsansvarleg person på heiltid 2017-2020.*

*Styringsgruppa forskotterer bruk av eingongstilskotet til frikjøp av kommunikasjonsressurs (eitt årsverk) frå kommunikasjonsteamet i Ålesund kommune frå 20.3.2017.*

### **22/17 Innovasjon i praksis – utkast til søknad**

Bygging av ny kommune skal bere preg av innovasjon og fornying, ikkje berre fusjonering. Når den nye kommunen står klar i 2020 skal den både ha skapt noko nytt, ha etablert ein varig innovasjons- og utviklingskultur og innovasjonskapasitet. Nye Ålesund kommune ønskjer å utnytte mogelegheitsrommet vi har i byggjeprosessen 2017-2020 til å utvikle både strukturar og kultur som fremmer fornying og innovasjon på ein meir systematisk måte enn det kvar enkelt kommune har tradisjon for i dag.

Utkast til søknad på skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal er utsendt, søknadsfrist er 17. mars. Rådmann Bente Glomset Vikhagen presenterte utkastet i møtet.

#### **Vedtak:**

*Styringsgruppa for nye Ålesund kommune ber Skodje kommune sende vedlagte søknad på vegne av nye Ålesund kommune.*

### **23/17 Gruppearbeid - visjon og verdiar for nye Ålesund kommune**

God styring av prosjektet nye Ålesund kommune krev ein tydeleg visjon, eit tydeleg verdigrunnlag og tydelege mål. Dette vil gje felles retning for dei ulike delprosjekta som skal setjast i gang. I intensjonsavtalen er det nedfelt ein visjon for nye Ålesund kommune «*Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet*». Vidare vart det formulert eit motto: «*Det vi skal, skal vi vere gode til. Det vi vil skal vi tore å gjere noko med.*»

Med utgangspunkt i dette leia Bente V. Glomset, Anne Bente Skjellum, Anne Mette Liavaag og Malin Piegsa eit gruppearbeid på til saman 1,5 time. Gruppearbeidet omfatta også filming («direktsend-TV»), framvising og oppsummering. Resultatmålet med arbeidet var å skape eit materiale som delprosjektet for kultur og verdiar kan byggje vidare på.

#### **Vedtak:**

*Delprosjekt for kulturbygging og verdiar tek med seg resultatata frå gruppearbeida i sitt arbeid.*

### **24/17 Delta i KS sitt tilbod om Lokaldemokratiundersøkinga 2017**

Styringsgruppeleiar presenterte kort innhaldet i tilbodet frå KS: [Link](#).

#### **Vedtak:**

*Nye Ålesund melder vår interesse til KS for å delta i undersøking/måling om kor godt lokaldemokratiet fungerer i våre kommunar. Vi må samtidig informere KS om at Haram kommune etter kvart kan kome med i undersøkinga for nye Ålesund.*

### **25/17 Newton-rom ved NMK – oppretting av arbeidsgruppe for å ta planlegginga vidare**

Det visast til tidl. sak 07/17 Etablering av "Newton-rom og deltaking i "First Lego league". Rådmann Astrid Eidsvik orienterte kort om status og forslag til vedtak.

#### **Vedtak:**

*Styringsgruppa for nye Ålesund kommune opprettar ei arbeidsgruppe for vidare arbeid og avklaringar ifm. etablering av Newton-rom ved NMK. Rådmennene melder namn på ein skulefagleg representant frå kvar kommune til koordinator.*

### **26/17 Nye Ålesund som eigna vertskommune for tilflytting av statleg verksemd – oppretting av arbeidsgruppe for vurderingsnotat**

Nestleiar i styringsgruppa Dag Olav Tennfjord introduserte saka ut frå St.meld. 18, herunder særskilt vedlegg om «Plan for lokalisering av statlige arbeidsplasser»: [Link](#).

**Vedtak:**

*Styringsgruppa opprettar ei arbeidsgruppe for å skrive eit vurderingsnotat om kva kvalifikasjonar nye Ålesund har som gjer oss eigna vertskommune for ny statleg verksemd.*

*Følgjande deltek i gruppa:*

- *Skodje: Dag Olav Tennfjord (leiar av arbeidsgruppa)*
- *Ålesund: Tore Johan Øvstebø*
- *Haram: Vebjørn Krogsæter*
- *Sandøy: Oddvar Myklebust*
- *Ørskog: Knut Magne Harstad*
- *Nye Ålesund: Anne B. Støyva Emblem og Anne Bente Skjellum*

**Møtet ferdig kl. 17.30.**

**Vedlegg til referatet – powerpointpresentasjonar i møtet:**

- Presentasjon i sak 17/17 v/prosjektleiar Vigdis Rotlid Vestad. FMMR
- Presentasjon i sak 18/17 v/prosjektkoordinator
- Presentasjon i sak 19/17 v/leiar av delprosjekt Personal og omstilling
- Presentasjon i sak 23/17 v/leiarane av gruppearbeidet